
Saksnr: 2020/46186-10
Saksbehandlar Arlen Synnøve Bidne
Dato: 04.11.2020

Til: Hovudutval for kultur, idrett og integrering

Frå: Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering

Varsel om oppstart av fredingssak for Otternestunet i Aurland kommune

Vestland fylkeskommune vurderer Otternestunet i Aurland kommune til å vere eit kulturminne av nasjonal interesse og har av den grunn varsla oppstart om fredingssak for tunet. Varsel om oppstart omfattar alle bygningane i tunet samt eit område rundt for å bevare verknaden av tunet i omgjevnadane og for å beskytte eventuelle vitskaplege interesser i området. Frist for å kome med innspel til varsel om freding er sett til 4. desember 2020.

Etter at fristen for innspel til varsel om fredingssak er ute vil Vestland fylkeskommune utarbeide ein framdriftsplan for arbeidet med fredingssaka, gjennomføre ei dokumentasjon av anlegget og utarbeida eit forslag om freding av Otternestunet. Forslag om freding vert så sendt på høyring til dei berørte partane og lagt ut til offentleg ettersyn. Høyringa av forslag om freding vil bli lagt fram for hovudutvalet som ei PS-sak. Deretter vil det bli handsama i Aurland kommunestyre før endeleg forslag om freding vert utarbeida. Det endelege forslaget om freding vert lagt fram for hovudutvalet før det vert sendt over til Riksantikvaren for vedtak. Det er Riksantikvaren som har mynde til å gjere vedtak om freding av Otternestunet.

Saksgang fram til varsel om oppstart av freding

Ei freding av Otternestunet har vore lenge diskutert i både forvaltninga og med eigar. Den 20. september 2019 sendte Sogn og Fjordane fylkeskommune ein formell førespurnad til Riksantikvaren om oppstart av fredingssak for tunet. Dette som ei oppfyljing av felles synfaring den 29. mai 2019 med Riksantikvaren, fylkeskommunen, Aurland kommune og eigar. I brev av 28. mai 2020 fekk Vestland fylkeskommune tilbakemelding frå Riksantikvaren der dei gjev si fulle tilslutning i oppstart av freding av Otternestunet.

I forkant av varsel om oppstart av fredingssak har Vestland fylkeskommune informert grunneigarar som kan bli berørt av fredinga i brevs form. I tillegg vart det halde eit informasjonsmøte i Flåm den 25. august 2020 for dei berørte partane og Aurland kommune. Føremålet med møtet var å informere om arbeidet med fredingssak, kva det vil innebere og å få innspel frå dei berørte partane i forkant av ein formell oppstart av fredingssak.

Otternestunet er eit av dei best bevarte klyngjetuna i landet og dei kulturhistoriske verdiane i det er godt kjende. På bakgrunn av den høge kulturhistoriske verdien til tunet har fylkeskommunen tildelt tilskot til istandsetjing av bygningane der frå 2017 frå tilskotsordninga *Tilskot frå statsbudsjettet kap. 1429 post 71 tilskot til freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap*.